

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 11.12.2018

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes, Liv Bente Steiro, Kenneth Vikane og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia

Sak 2018/69: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2018/70: Godkjenning av referat frå styremøte 13.11.18; godkjent

Sak 2018/71: Tilstellingar;

Status romjulsbasar

- Innsamling gevinstar, oversikt over kva vi har så langt, oppdatere gevinstliste loddbøker. Det er høve til å gje gevinstar i ei kasse på butikken fram til basardagen.
- Loddsal på bok – loddbok ligg på butikken, styremedlemmane sit der laurdagane i desember og litt i romjula. Det vert gått rundt på alle hus i bygda.
- Matsal, det blir kaker og kaffi.

Invitasjon til koordineringsmøte for 2019, tysdag 22.01, er sendt ut, påminning kjem i januar. Viktig at lag, hus og andre interesserte møter.

Sak 2018/72: Eigedomar, investeringar;

Ny leigetakar; Sigmund og Gunnar har hatt ei synfaring med ny leigetakar om leige av gamle rektorkontoret i kulturhuset, og gitt eit tilbod. Forslag til vedtak: Styret godkjenner leigeavtale på kr 1500 i månaden.

Reparasjons / vedlikehaldsarbeid: Vi purrar Byggern Jondal om arbeid i leskur, Sigmund tek kontakt. Det er viktig at jobben vert gjort før forfall av tildelte gåvemidlar frå Hardingstiftinga. Vindauga er kome til Bergen, skifting av punkterte glas kjem i gong ganske snart.

Oversikt sendt til Marine Harvest over innkjøpt lyd- og videoutstyr for utbetaling av gåvemidlar.

Sak 2018/73: Økonomi / stønad / fristar;

Skatt: Det er klart etter å ha fått kontakt med skatteetaten at leigeinntektene til bygdelaget ligg under minimumsgrensa på kr 140.000 (70.000?). Skattemelding er justert som klage, og vi reknar med at denne blir godteke og at innbetalt skatt blir betalt tilbake.

Advokat: advokatrekning i samband med leigeavtale med nye eigarar av Meieriet er betalt.

Sak 2018/74: Andre saker;

Utvikling av sentrum: Kommunestyret i Jondal skal handsame sak 19.12 om kjøp av grunn frå Tveiten Gard i Herand for offentlig bade plass og opparbeiding av meir parkeringsareal ved båthamna.

Kloakkanlegg: Det er ikkje noko nytt i høve denne saka.

Mobilmast: Vi har fått venlege svar frå alle tre nett-tilbydarar om at dei vil vurdere oppsetting av mast. Det vart litt uventa merksemd i media av det (Hardanger Folkeblad, NRK Hordaland). Det er ekstra viktig med dekning tanke på anleggsarbeid og framtidig kraftverk og drift av dette.

Sak 2018/75: Eventuelt:

Herand bygdeblad: Nye prisar for 2019: enkeltblad stig med kr 5,- til kr 80, årsabonnement stig tilsvarande til kr 290,-. Annonsar: ¼ side stig frå kr 450,- til 500,-, ½ side vert uendra kr 900,-.

Helleristingsfeltet: Fylkeskommunen var på helleristingsfeltet 07.12, det er planar om drenering, men dette er avhengig av midlar frå Riksantikvaren. Sigmund var med frå bygdelaget. Feltet er dekket til for vinteren.

Kenneth Vikane er tilbake og går inn igjen i styreplassen sin. Liv Bente Steiro er då igjen 1. vara. Ho er bortreist i januar og februar, 2. vara kallas då inn til styremøta.

Skli i akebakken: Denne er ikkje trygg for born slik den er no og om det kjem snø er den farleg plassert i akebakken. Dette må entan rettast opp eller så må sklia fjernast.

Neste styremøte tysdag 08.01.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus.